



Høyanger kommune

Møtebok

Arkiv: FE-601
JournalpostID: 25/3959
Sakshandsamar: Stefan Fjeldsbø

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
12/25	Formannskap	03.04.2025
016/25	Kommunestyre	10.04.2025

Innkjøpsstrategi 2025-2029

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek Innkjøpsstrategi 2025-2029 slik den ligg føre.

03.04.2025 Formannskap

Handsaming:

Controller Stefan Fjeldsbø presenterte saka.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS12/25 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek Innkjøpsstrategi 2025-2029 slik den ligg føre.

10.04.2025 Kommunestyre

Handsaming:

Einar Rysjedal, (R), sette fram følgande tilleggsframlegg:

Kommunestyret viser til dokumentet "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" utgitt av bl.a. KS, LO og NHO. Dokumentet handlar bl.a. om å sikre at løns- og arbeidsforhold er i orden. Dette er noko Høyanger kommune har reglar om i si eigarmelding og Årdal i sitt innkjøpsreglement.

Kommunestyret er gjort kjent med at Sauda kommune sitt innkjøpsreglement har regel om kjøp av produkt og tenester produsert på okkupert jord.

Kommunestyret ber kommunedirektøren kome tilbake med ei sak om kommunal praksis når det gjeld desse forholda ved innkjøp av varer og tenester:

- sikre at løns- og arbeidsforhold er i orden
- regel om kjøp av produkt og tenester produsert på ulovleg okkupert jord

Økonomisjef, Kristian Ølmheim, presenterte saka.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Rysjedal: Samrøystes vedteke

KS016/25 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek Innkjøpsstrategi 2025-2029 slik den ligg føre med følgande tillegg: Kommunestyret viser til dokumentet "Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved anskaffelser i kommuner og fylkeskommuner" utgitt av bl.a. KS, LO og NHO. Dokumentet handlar bl.a. om å sikre at løns- og arbeidsforhold er i orden. Dette er noko Høyanger kommune har reglar om i si eigarmelding og Årdal i sitt innkjøpsreglement.

Kommunestyret er gjort kjent med at Sauda kommune sitt innkjøpsreglement har regel om kjøp av produkt og tenester produsert på okkupert jord.

Kommunestyret ber kommunedirektøren kome tilbake med ei sak om kommunal praksis når det gjeld desse forholda ved innkjøp av varer og tenester:

- sikre at løns- og arbeidsforhold er i orden
- regel om kjøp av produkt og tenester produsert på ulovleg okkupert jord

Saksutgreiing:**Bakgrunn**

Høyanger kommune er ein stor aktør i den lokale og regionale markanden. Kommunen kjøpte varer og tenester for omlag 137,5 mill.kr i 2024. I tillegg gjennomfører kommunen fleire store investeringsprosjekt kvart år. Kommunesektoren i Norge har mange ansvarsområde og kommunane har behov for eitt breitt spekter av i varer og tenester.

Vurdering

Innkjøpsstrategien er digital og du finn den her: <https://pub.framsikt.net/plan/høyanger/plan-24913635-f817-42f5-a823-2096e9c479ac-16527/>

Kommunen sine overordna mål er synleggjort i Kommuneplanen sin Samfunnsdel. Her vert det skissert kva satsingsområde kommunen prioriterer å jobbe med i tida fram mot 2032. I arbeidet med innkjøpsstrategi har ein fokusert på to spørsmål:

1. Kan målretta arbeid med innkjøp bidra til oppnåing av ein eller fleire av satsingane kommuneplan sin samfunnsdel - i så fall kva satsingar?
2. Korleis kan vi utforme innkjøpsstrategien slik at den bidreg til oppnåing av dei overordna satsingane?

Kommuneplan sin samfunnsdel beskriv seks satsingar på veg mot 2032. Av desse er det plukka ut tre satsingar som innkjøpsstrategien kan påverke direkte eller indirekte:

- Sysselsetting og etablering.
 - Auke tal arbeidsplassar i kommunen (oppretthalde dei vi har)
- Miljø og klima.
 - Redusere forbruk, avfall og utslepp.
- Organisasjon.
 - Å forvalte ressursane våre effektivt, og sikre god kvalitet i tenestene tilpassa dei framtidige økonomiske rammene.

Ein god og gjennomtenkt innkjøpsstrategi vil være et verktøy til å nå desse satsingane. Det er viktig at arbeidet med denne planen er forankra, både i planverk og organisasjon.

Gjennom kartlegging og innspel frå tenestedområda vert det i tillegg peika på fleire utfordringar som ein, gjennom mellom anna innkjøpsstrategien, må løyse eller forbetre. Innkjøpsstrategi 2025-2029 kjem med 5 konkrete delmål som må arbeidast med for å løyse utfordringane som er nemd:

1. Styrke lokalt næringsliv
2. Kommunen sitt samfunnsansvar
3. Fokus på å være miljø- og klimavennlege i innkjøpa
4. Auke organisasjonen sin kompetanse innan innkjøp
5. Informasjon og kommunikasjon

Konklusjon

Kommunestyret vedtek Innkjøpsstrategi 2025-2029 slik den ligg føre.